



SUND KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN SKOGSSKIFTET
LANDSKAPSANALYSE

NOVEMBER 2007

UTKAST 12.11.2007

FØREORD

Landskapsanalysen er utarbeidd for Sund kommune som ein del av prosjektet "Landskap i kommunal planlegging". Prosjektet har bakgrunn i Noreg si ratifisering av den europeiske landskapskonvensjonen i 2001. Miljøverndepartementet tok i 2006 initiativ ovanfor Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til å arbeide med iverksetjing av landskapskonvensjonen i kommunal planlegging. Fire kommunar med ulike planprosessar i gang er inviterte til samarbeid med prosjektet, som vert gjennomført i regi av fylkesmannen og fylkeskommunen. For Sund kommune skal arbeidet med landskapsanalysen gje innspel til arbeidet med kommunedelplan for kommunesenteret på Skogsskiftet.

Sund kommunesenter er lokalisert til Skogsskiftet ved kommunegrensa mot Fjell. Skogsskiftet er eit nytt, bilbasert senter prega av næringsbygg, kommunehus og institusjonar. Planområdet omfattar i tillegg til kommunesenteret Skogsskiftet grendene Skoge og Hammersland som er tradisjonelle jordbrukskulturlandskap, og nyare bustadfelt på Skogestranda og Hammerslandhøgden. Mellom desse ligg store utmarksområde. Viktige tema i planarbeidet er utvikling av kommunesenteret med tettstadskvalitetar, og korleis binde dei ulike delane av planområdet betre saman. Ressursane til landskapsanalysen har vore avgrensa, og i samarbeid med prosjektleiinga har vi derfor valt å gradere fokuset på planområdet frå ytterkant og innover mot senteret. Det har og vore arbeidt med alternativ lokalisering av senteret, og forholdet til ny riksvegtrase.

Kontaktpersonar i Sund kommune har vore Frode Glesnes, Ingebjørg Toft og Birgitte Ødven. Kontaktperson og prosjektleiar for landskapsprosjektet har vore Kari Sørebo i Hordaland fylkeskommune (august - desember 2007) og Aslaug Aalen hos Fylkesmannen (fram til sommaren 2007).

Landskapsanalysen er utført av Asplan Viak as ved landskapsarkitekt mnl Guro Steine, i samarbeid med Øyvind Dalen (GIS-analysar) og Astrid Rongen (oppdragsleiar).

Bergen, november 2007.

Foto og illustrasjonar: Sund kommune og Asplan Viak as.
Framsidedfoto: Statens vegvesen Region vest.

INNHALD

	Side
1 LANDSKAPSANALYSE	1
1.1 Innleiing.....	1
1.2 Temakart og analysegrunnlag.....	1
2 OVERORDNA LANDSKAPSTREKK.....	2
2.1 Landskapsregion og landskapstype.....	2
3 LANDSKAP OG TERRENG	3
3.1 Landskapsrom.....	4
3.2 Synlegheit	5
3.3 Tiltalningar landskap, terreng og synlegheit	6
4 GRØNTSTRUKTUR.....	7
4.1 Grøne strukturar.....	7
4.2 Blå strukturar.....	7
4.3 Turveggar og nærmiljø.....	8
4.4 Tiltalningar grøntstruktur.....	9
5 BYGDE STRUKTURAR	10
5.1 Skogsskiftet i dag.....	10
5.2 Ny senterlokalisering?.....	11
5.3 Ny Rv555	12
5.4 Tiltalningar sentrumsutvikling og fortetting	13

KARTILLUSTRASJONAR

Temakart 1 Landskapstypar (Norsk referansesystem for landskap).....	2
Temakart 2 Høgdelagskart.....	3
Temakart 3 Landskapsrom og viktige silhuetar og kantar.....	4
Temakart 4 Synlegheit	5
Temakart 5 Grøntstruktur.....	7
Temakart 6 Turveggar og nærmiljø.....	8
Temakart 7 Eksisterande bygningsmiljø.	10
Temakart 8 Aktuelle traséar for ny Rv555 forbi Skogsskiftet. Kjelde: Statens vegvesen.....	12
Temakart 9 Potensialet for utvikling i Skogsskiftet med utgangspunkt i landskapsanalysen.	13

VEDLEGG

Nr	
1	Synligheitskart

1 LANDSKAPSANALYSE

1.1 Innleiing

Sund kommunesenter er lokalisert til Skogsskiftet ved kommunegrensa mot Fjell, og er eit nytt, bilbasert senter prega av næringsbygg, kommunehus og institusjonar. Senteret har få bustader utover eit mindre byggefelt og eldrebustader. Planområdet omfattar i tillegg til kommunesenteret grendene Skoge og Hammersland, som er tradisjonelle jordbrukskulturlandskap, og nyare bustadfelt på Skogestranda og Hammerslandhøgden. Mellom desse ligg store utmarksområde.

For Skogsskiftet ligg det føre ein tettstadanalyse utarbeidd av Arkitektgruppen CUBUS as i 1997. I denne analysen vart behovet for å utvikle eit sterkt senter med fortetting og styrking av Sund-identiteten påpeika. Sidan den gong har kommunen realisert store byggeprosjekt som ny vidaregåande skule og idrettshall (Sundhallen). Desse er lokalisert utanfor kommunesenteret, om lag 1,5 km sør for Skogsskiftet.

Også andre rammeføresetnader har endra seg. Parallelt med kommunedelplanen for Skogsskiftet vart det arbeid med planar for ny riksveg frå Kolltveitskiftet i Fjell kommune til ferjeleiet ved Austefjorden lengst sør i Sund. Tre av dei aktuelle traseane går gjennom planområdet for KDP Skogsskiftet, med ulike konsekvensar for arealbruk og utvikling. Gjennomføring og bygging av ny veg ligg eit godt stykke fram i tid, men korridor og traseval vart gjort gjennom kommunedelplanarbeid i regi av Statens vegvesen. Desse planane skal sendast på høyring våren 2008.

I samband med oppstart av arbeidet med kommunedelplanen vart det 17.10.06 halde ein idedugnad på Marsteinen Fjordhotell. Deltakarane kom frå prosjektgruppa, interesseorganisasjonar, politiske parti og offentlege høyringsinstansar, med møteleiing av Gode Sirklar og MultiVit Kultur & Næring. I dette møtet var det stort fokus på mogleg ny lokalisering av senterfunksjonane nærare skulesenteret og nytt hovudvegkryss, det vil seie sør for dagens senter.

Denne landskapsanalysen er utarbeidd som innspel til prosessen med utarbeiding av kommunedelplan. Analysen har som mål å forklare og visualisere karakteristiske landskapstrekk, for å slik å auke forståinga for kva landskapskvalitetar som bør takast vare på. Vidare skal analysen peike på kva område og karaktertrekk som er sårbare for endringar og inngrep, og kva område som er eigna for utbygging og fortetting med bustadområde og senterføremål. Landskapsanalysen vil også gje grunnlag og innspel til kommunen i høve til alternativa for ny riksvegtrase.

1.2 Temakart og analysegrunnlag

Analysen er utarbeidd som ein enkel verdi- og sårbarhetsanalyse med vekt på landform/terrengform, vatn/vassdrag/sjø, bygningsmasse og –strukturar, vegetasjonsbilete og grøntstruktur, og synlegheit. Som grunnlag for analysen er det utarbeidd følgjande temakart:

1. Landskapstypar
2. Høgdelagskart
3. Landskapsrom og viktige silhuettar og kantar
4. Synlegheit
5. Grøntstruktur
6. Byggestruktur
7. Gangveggar og stiar

2 OVERORDNA LANDSKAPSTREKK

2.1 Landskapsregion og landskapstype

Heile Sund kommune høyrer til landskapsregion 20, *Kystbygdene på Vestlandet*, underregion 20.1 Øygarden – Karmøy (Norsk referansesystem for landskap, NIJOS). Landskapet i denne regionen skil seg frå strandflata i den ytre skjergarden ved at øyer og holmar er meir høgreste og tettare samla, med smale sund og avstengte pollar som eit viktig karaktertrekk. Innanfor, på fastlandet, ligg landskapsregion 21, *Ytre fjordbygder på Vestlandet*, med høgare fjell og større fjordarmar.

Viktige overordna landskapstrekk i kommunen er:

- Låg, svært småkupert strandflate med lite lausmassar
- (Veten (284 moh) høgaste punkt i kommunen)
- Sjønært landskap med visuell sjøkontakt, smale vågar og sund
- Indre øylandskap med lynchhei og annan kulturmark, utan visuell kontakt med sjøen
- "Sagtanna" relieff aust – vest, lange slake dalsider stig mot vest, og bratte stup på vestsida – høgdedraga svært eksponerte
- Markerte dalar, sund og vågar langs sprekkesoner og forkastingar, hovudretning nord – sør og nordvest – søraust, tradisjonelt ligg bygningsmassen her
- Lynchhei og annan kulturmark i gjengroing eller nedbygging

Store delar av planområdet for KDP Skogsskiftet tilhøyrer det indre øylandskapet på Sotra, og er utan visuell kontakt med sjø og hav i lågareliggende deler. Terrenget er småkupert og oppdelt i mange over- og underordna landskapsrom.




Figur 1 Kommunesenteret på Skogsskiftet er utan visuell kontakt med hav og fjord og er karakteristisk for indre delar av Sotraøya.

Landskapet kring Skogsvågen og Dalevågen er karakterisert som landskapstype *Våg- og smalsundlandskap*¹. Landskapstypen er kjenneteikna av smale løp som er sterkt romdannande, der avstand til landsidene vert opplevd som nær. Medan sund kan vere sterke linjeelement i landskapet, er vågane blindleier som gir meir lukka landskapsrom. Strandsona er dominert av brattkyst/svaberg og er lite tilgjengeleg, men kan ha strandenger og mudderstrender inst i vågane, som ved Sangolt.

Temakart 1 viser grensene mellom det indre øylandskapet og våglandskapet. Kartet syner og korleis dei aktuelle traseane for ny Rv555 går gjennom området (raud linje).

¹ Puschmann, Oskar (2004): Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland. Hordaland fylkeskommune, NIJOS



Temakart 1 Landskapstypar (Norsk referansesystem for landskap)




Figur 2 Kvalvågen og Skogsvågen høyrer til landskapstypen våg- og smalsund, som er karakteristisk for kommunen.

3 LANDSKAP OG TERRENG

Høgdelagskartet viser korleis terrenghøgden og terrengformene varierer i det svært oppdelte og småkuperte landskapet i planområdet. Frå sjøen stig terrenget opp mot ca 110 – 120 moh i fjellformasjonane i sør, og ca 80 moh ved vasstårnet i nord. Sentralt i planområdet ligg Skogsvatnet på 25 moh. Kommunehuset og senteret ligg eit nivå høgare enn dette, om lag på kote 45. Denne delen av planområdet ligg for lågt til å få visuell kontakt med sjøen, og er typisk for det indre øylandskapet.


Det sterkaste karaktertrekket i landskaps- og terrengformer er det sagtanna relieffet i retninga aust – vest. Dette relieffet gjentek seg i både i overordna former som vågar, sund, dalsøkk og høgdedrag, og i underordna og meir lokale terrengformer og skrentar. Lange slake dalsider stig frå aust mot vest, med bratte stup på vestsida. Dei nakne og vegetasjonsfattige knausane gjer at dei høgaste knausane vert svært eksponerte og får fjernverknad. Bygg som er lagt her er synlege på lang avstand og frå store delar av omkringliggende område.

Skogestranda og Skoge ligg austvendt mot Skogsvågen og på den slake sida av relieffet. Denne delen av planområdet er fjordvendt og er utan visuell kontakt med kommunesenteret. Hammerslandhøgden ligg likeeins austvendt i slakt terreng, medan den eldre busetnaden på Hammersland og sjølv Skogsskiftet ligg i typiske dalsøkk på vestsida av brattare og markerte skrentar. Dagens riksveg følgjer tydelege sprekkesoner og ligg lågt i terrenget. Den følgjer hovudretningane i landskapet og snor seg fram i terrenget som ein naturleg del av dert bygde landskapet.



Figur 3 Snitt gjennom planområdet viser tydeleg det sagtanna terrengrelieffet aust – vest.

Den romlege og visuelle inndelinga i landskapsrom avgrensa av overordna landformer og meir underordna og lokale terrengformer er vist i temakartet *landskapsrom*. Kartet viser også markerte høgdedrag/landemerke, markerte veggar i landskapsromma, og viktige silhuettar/synsrender slik dei vert opplevd frå ulike ståstader i planområdet.



Temakart 2 Høgdelagskart

3.1 Landskapsrom

Hovudinndelinga går mellom fjordromma vendt mot landskapstypen våg- og smalsundlandskap, og dei indre øyromma utan direkte kontakt med sjøen, markert med blå linje i kartet. Romdannande kantar og silhuettar som danner "veggar" i landskapsromma er markert med svarte linjer. Landemerke og høgdedrag som er synlege på lang avstand er markert med stjerner. Av desse er Hammerslandhøgden og Sauafjellet markert med raudt, av di dei har bygg med stor fjernverknad.

Markerte skrentar og/eller høgdedrag/landemerke i landskapet er særleg sårbare for nye inngrep. Inngrep eller tiltak i område markert som landemerke vil få fjernverknad. Høgdelagskartet viser at ca. grense for fjernverknad går ved kotehøgde 70 moh.

Fjordromma:

Skogestranda og Ådnavika mot Dalevågen: Området er eit nordaustvendt og tilhører eit lukka våglandskap med fine opplevingskvalitetar knytt til sjøen og strandsona, som danner ei klar ramme rundt landskapsrommet. Rommet er avgrensa mot Barholmen i sør. I den smale vågen vil tiltak lokalisert til landskapsrommet sine veggare vere med på å forme korleis landskapsrommet vert oppfatta visuelt.

Skoge mot Skogsvågen/Raunefjorden: Området er austvendt og vender seg mot møtet mellom Dalevågen, Skogsvågen og Kvalvågen i nærhorisont, og vidare ut over Skaganeset og mot Raunefjorden i fjernhorisont. Landskapsrommet omfattar det meste av busetnaden på Skogestranda og Skoge, med fine opplevingskvalitetar knytt til kulturlandskapet på Skoge. Eksisterande busetnad ligg lågt i terrenget utan å bryte gjennom "veggane", og er underordna landskapet.


Kvalvågen/Sangolt: Området tilhører eit smalt, lukka landskapsrom med klare avgrensingar av hovudformene i landskapet. Landskapsrommet har store kulturhistoriske kvalitetar knytt til kvalfangst, som igjen er knytt til landskapsrommet og høvet til å stenge av vågen. I den smale vågen vil endringar i strandsona ha stor verknad på korleis landskapsrommet vert oppfatta, og området er slik sårbart for inngrep. Rommet omfattar skulesenteret og idrettsanlegget, som har flott utsyn over Skaganeset mot Raunefjorden.

Indre øy:

Skogsskiftet/Sund "sentrum": Landskapsrommet er klart avgrensa av sterke "veggar" og høgdedrag som definerer området visuelt. Sentrum i landskapsrommet er Skogsvatnet, som med vassflata og variert omkringliggende terreng og vegetasjon danner eit vakkert midtpunkt med stor visuell opplevingsverdi. Eksisterande bygg ligg innanfor rommet, utan å bryte gjennom veggare og høgdedrag som definerer landskapet. Unntaket er nybygget på Sauafjellet, som har stor fjernverknad. Landskapsrommet er sårbart for ytterlegare inngrep i dei romdannande landskapselementa. Innanfor landskapsrommet finst mindre, underordna skrentar som understrekar retningane i landskapet og er karaktertrekk for området. Desse bør ein søke å ta vare på.

Hammersland: Hammerslanddalen er eit langstrakt og klart definert landskapsrom med markerte veggare. Dalføret har ein tydeleg retning og opnar seg sørover mot Kørelen og Eide. Medan eldre busetnad knytt til jordbrukslandskapet ligg lågt og underordnar seg dalformen, er siste byggetrinn på Hammerslandhøgden trekt opp mot toppen slik at synsrande vert broten.

Dalføret sørover frå Hesttjørna: Dalføret følgjer ei forkastingssone nord – sør der det karakteristiske sagtannrelieffet trer svært tydeleg fram. Landskapsrommet er klart avgrensa av ein svært bratt og utilgjengeleg skrent i aust, og den slakare skråninga i vest. Dalføret har ein tydeleg lengderetning og sikt frå dei høgare delane av "sentrum" (Midstegen, Storhaugen mfl.) til Tveitafjellet. Lengst nord kring Hesttjørna er dei underordna terrengformene meir småkuperte og oppdelte.



Temakart 3 Landskapsrom og viktige silhuettar og kantar

3.2 Synlegheit

Temakarta for *synlegheit* visualiserer romforholda frå temakart landskapsrom gjennom kart som viser kva område som er synlege frå 5 gitte standpunkt i planområdet. Karta er utarbeidd digitalt gjennom bruk av GIS-verktøy. I tillegg er det trekt ei nærhorisontlinje for det som vert opplevd som det nære influensområdet og veggane i landskapsrommet lokalt. Alle karta ligg som vedlegg sist i rapporten. Her er vist kart for standpunkt 3 ved idrettsbana til Hald.

Standpunkt 1, Bussterminalen:

Området ligg lågt i terrenget (30 – 40 moh), og kartet viser at dette gir eit lite og sterkt avgrensa landskapsrom med liten visuell kontakt utover dagens sentrum ved bussterminalen og kommunehuset. Det vil seie at også dagens riksveg og kryss er lite eksponert.

Standpunkt 2, senteret:

Standpunktet er parkeringsplassen utanfor senteret. Plassen ligg litt høgare i terrenget (ca 45 moh), og kartet viser at dette gir visuell kontakt med terrengformene kring Skogsvatnet og slik inkluderer vatnet i oppfattinga av landskapsrommet.

Standpunkt 3, idrettsbana til Hald (kartet til høgre):


Standpunktet er flytta til senteret av landskapsrommet "sentrum" og litt høgare enn i standpunkt 2. Nærhorisonten strekker seg no nordover mot Storhaugen og sørover mot Sauafjellet, og inkluderer Skogsvatnet, Sauafjellet, Midtstegen og Klumpelhaugen i den visuelle oppfattinga av landskapsrommet. Storhaugen og Sauafjellet vert lokale landemerke og orienteringspunkt.

Standpunkt 4, Klokkarvikskiftet:

Standpunktet ligg på grensa mellom landskapsromma "sentrum" og Hammersland. Klokkarvikskiftet kjem også etter ferdigstilling av ny Rv555 til å vere eit sentralt knutepunkt, då framtidig kryss mellom Rv555 og lokalvegnettet vil verte lagt i dette området eller austover mot Hesttjørna. Kartet viser at lokaliseringa gir utsikt både nordover mot Skogsvatnet, Midtstegen og Storhaugen, og sørover Hammerslanddalen, og slik bind desse saman visuelt.

Standpunkt 5, Hesttjørna:

Standpunktet ligg i området vest for Hesttjørna, som i idedugnaden oktober 2006 vart peika på som aktuelt område for ny senterlokalisering. Området er også aktuelt for kryss og lokalvegtilknytning for ny Rv555. Kartet viser eit sterkt avgrensa landskapsrom med liten visuell kontakt med eksisterande bygningar, busetnad og funksjonar i Skogsskiftet. Dette kan vere negativt for utvikling av identitet og tilknytning til ei ny senterlokalisering, sidan området har få orienteringspunkt. Lokaliseringa kan oppfattast som negativt for dei næringsdrivande som er avhengige av å vere synlege. Med tanke på riksvegsambandet kan den sterke avgrensinga av området vere ei føremon for negativ eksponering av ny riksveg (støy, store vegareal).



Temakart 4 Synlegheit

3.3 Tiltalradingar landskap, terreng og synlegheit

Det smaskala og knudrete landskapet er sårbart for store linje- og flateinngrep. Dei nærhorisontane og markerte veggane i landskapsromma som er vist i karta bør ikkje brytast gjennom.


Veginngrep bør følgje overordna landskapstrekk og ikkje ha lange rettstrekk som bryt gjennom romdannande terrengformer. Slike nye inngrep eller tiltak kan virke oppløysande på "veggane" i landskapsromma, slik at dei misser avgrensing og identitet.

Eksponeerte høgdedrag bør ikkje byggast att slik at byggverk dominerer synsranda i landskapet. Grense for bygging som gir fjernverknad går om lag ved kote 70 (eksempel Hammerslandhøgden, Sauafjellet, vasstårnet på Storhaugen).

Innanfor dei enkelte utbyggingsområda bør ein søke å ta vare på det karakteristiske sagtannrelieffet, og nytte det som karakttertrekk og element i utforminga. Dersom inngrep ikkje kan unngåast, må ein unngå skjemma "amputering" av terrengformer, heller fjerne dei heilt og forme terrenget på ny.



Figur 4 Foto teke nordover mot Hestatjørn frå Tveitafjellet viser sagtannrelieffet tydeleg. Næringsbygga i Midtstegen, høgdebassenget på Storhaugen og nybygget på Sauafjellet er godt synlege.



4 GRØNTSTRUKTUR

Temakartet *grøntstruktur* er utarbeidd på bakgrunn av markslagskart. Kartet viser kvar det finst større samanhengande strukturar som er viktige for korleis landskapet og dei ulike landskapsromma vert oppfatta. Vidare viser kartet kvar det finst vegetasjon som danner viktige romdannande veggar i tillegg til terreng og landskapsformer. Fleire av desse er samanfalle med terrengformer. Til sist er det peika på potensialet som ligg i å ta vare på og styrke eksisterande grønstruktur.

4.1 Grøne strukturar

Store delar av planområdet er prega av grunnlendt mark med lyng og myr. I det opne kystlandskapet er dei skrinne lyngheiene ein svært sårbar vegetasjonstype med tanke på eksponering og evne til å reparere eller skjerme store inngrep. Dette gjeld særleg når ein nærmar seg grensa for fjernverknad ved om lag 70 moh. Dalføret sørover frå Hesttjørna er det største samanhengande utmarksområdet i planområdet, og busetnaden på Skogsskiftet, Sangolt, Hammersland og Tveit grensar inn mot denne marka. Lengst nord ligg idylliske Hesttjørna i dalsøkket. Området har ein urørt karakter berre broten av kraftlinjer og fjernverknad av enkeltbygg i bygdene omkring, og er sårbar for inngrep.


Kulturmark og større lauvskogområde finst hovudsakleg på Skoge, Hammersland og Tveit. Dette er område med store kvalitetar og opplevingsverdi knytt til høg variasjon og opne, lyse område. Alle desse grendene er avsett som prioriterte jordbruksområde med høve til fortetting i gjeldande kommunedelplan. Kulturlandskapet er sårbar for fragmentering i samband med fortetting og vegbygging, og for endringar i landbruket. Dersom storleiken på kulturlandskapa vert for liten, kan områda fort verte oppfatta som restareal. Begge delar kan true kulturlandskapa sin opne karakter og gje gjengroing og nedbygging. Det vert viktig å avgrense fortettinga og finne ein fortettingsstruktur som tek vare på den opne karakteren.

Barskogfelta lagar sterke veggar i det elles opne landskapet. Langs vestsida av Skogsvatnet står ein del høgreist furuskog med nokså open karakter. Barskogen elles er stort sett planteskog med gran som i stor grad er utilgjengelege og mørke med liten opplevingsverdi. Ved Klokkarvikskiftet har likevel denne skogen stor verdi som buffer mellom idyllen Skogsvatnet og vegsystemet. Også langs riksvegen elles har barskogen verdi som buffer og avgrensing av veglandskapet. I Hammerslanddalen er skogen i tillegg ein del av ein samanhengande grøn struktur frå Skogsvatnet sørover mot Hammersland og Kørelen. Inngrep i tette barskogfelt skapar ofte markerte siktskår, i tillegg til å skade større delar av skogen enn den som faktisk vert borte. Det er viktig å re-etablere randsoner dersom det vert gjort inngrep i etablert barskog.

4.2 Blå strukturar

Strandlinja langs Skogsvågen og Dalevågen er bratt og utilgjengeleg på lange strekningar. Dei tilgjengelege områda vert med det endå viktigare med tanke på å styrke Skogsskiftet sin identitet knytt til kystsamfunnet og sjø. Ådnavika i nord og Kvalvika i sør kan vere fine utgangspunkt for å styrke Skogsskiftet si tilknytning til sjøen. Kvalvika har viktig kulturhistorisk identitet, Ådnavika ligg ved mykje brukte fri- og friluftsområde, og med Barholmen (BOF-område) like ved.

Det bør ikkje tillast ytterlegare privatisering av strandsona med nye, private småbåtanlegg dersom desse lett tilgjengelege områda skal sikrast for ålmenta. Nye småbåtanlegg bør lokaliserast til område som ikkje har potensiale for annan offentleg bruk, badeplassar eller liknande.



Temakart 5 Grøntstruktur

Sentralt ved senter, institusjonar og idrettsbaner ligg Skogsvatnet som eit blågrønt "smykke". Frå vatnet er det kontakt ned mot Kvalvika. Austsida av vatnet er bratt og utilgjengeleg, og dannar ein markert vegg kring landskapsrommet. Lengst nord er strandsona øydelagt av rufsete vegfylling, og meir eller mindre utilgjengeleg. Det idylliske svaberget nedanfor omsorgsbustadene vert brukt til bade- og grillplass. Frå denne plassen er det flott utsyn over vatnet. Resten av strandsona har varierende brattleik og mykje skog.

Skogsvatnet er midtpunktet i ein "blågrøn akse" som går frå Ådnavika til Kvalvika og omfattar strandsona langs sjø, vassdraget, idrettsanlegg og utmark. I aksa ligg det til rette for å utvikle ein tydeleg, overordna grøntstruktur som bind saman kommunesenteret med eksisterande og framtidige bustader, idrettsanlegg, skular, turvegar og parkanlegg, og det historiske til det nye.


4.3 Turvegar og nærmiljø

Temakart *Turvegar og nærmiljø* viser registrerte gangvegar, turstiar og nærmiljøfunksjonar. Ved å halde saman kartet med kartet *Grøntstruktur*, ser ein at det manglar viktige samband og tilgjenge mellom fleire av områda. Stiar og gangvegar er ikkje samanhengande, og fleire stader må ein vere lokalkjend for å finne fram. Fleire opparbeidde friområde er i forfall og ser ut til å vere lite brukte. Områda har stort potensiale for ny aktivisering gjennom tiltak for tilgjenge, opprusting og tilrettelegging. Det er også ein stor kvalitet at det finst store grønne område og aktivitetstilbod som fotballbanene så sentralt i dagens senter og midt i den grønne aksa. Områda er eit godt utgangspunkt for utvikling av den samla grøntstrukturen.

"Straumemila" er blitt eit omgrep for kommunesenteret Straume i Fjell. Det er ingenting i vegen for at ein god idé kan nyttast mange gonger! Eksisterande og nye bustadområde, senterfunksjonar og grøntområde i Skogsskiftet kan bindast saman med for eksempel "Skogsløypa". Det kan utviklast fleire trasear i eit hierarki frå lette gang- og sykkelvegar til lengre turstiar, med fleire moglege snarvegar og rundturar. "Skogsløypa" kan utviklast til ein merkevare for fritid og nærmiljø i Skogsskiftet, og utviklast som ein del av ein identitet for tettstaden.



Figur 5 Veg gjennom kulturlandskapet på Skoge, skatebanen nord for kommunehuset.



Temakart 6 Turvegar og nærmiljø

4.4 Tiltalningar grøntstruktur

Skogsskiftet har store kvalitetar i eksisterande grøntstruktur som ein bør byggje vidare på i utviklinga av kommunesenteret. Å ta vare på og tydeleggjere viktige grøne aksar i vidare utbygging kan vere med på å binde tettstaden saman og gje den ein tydelegare identitet.

Strandsona langs Skogsvatnet kan opparbeidast med tursti, flytebrygger, små raste- og badeplassar, og vere kjernen i "Skogsløypa". Omfang av inngrep må bestemast på bakgrunn av karakteren på strandsona; for eksempel opprydding og høg grad av opparbeiding nærast sentrum og der strandsona er øydelagt av fyllingar, forsiktig tilrettelegging der det er fine svaberg, flyteelement forbi bratte parti, variasjon mellom lett turveg og vanskelegare terrengstiar. Den bratte austsida og lauvskogen kring vatnet er særleg viktig å ta vare på. Ein eventuell "bypark" lokalisert til framtidig kulturhus bør ligge naturleg i tilknytning til Skogsvatnet og den blågrøne aksen.

Ein bør unngå ytterlegare privatisering av viktige element og område i grøntstrukturen som burde vere offentleg tilgjengelege. Det gjeld særleg strandsona mot sjø, men også viktige og sentrumsnære område som idrettsbanene til Hald i sentrum. Desse er i dag inngjerda og delvis utilgjengelege, men er ein svært viktig del av den samla grøntstrukturen og identiteten i Skogsskiftet. Det er ei utfordring å inkludere desse best mogleg i den samla grøntstrukturen.

Hammerslanddalen sørover mot Kørelen og dalføret sørover frå Hesttjørna er andre viktige blågrøne strukturar, men ligg mindre sentralt med tanke på å skape samanheng mellom viktige grøntområde og andre funksjonar. Kørelen sin funksjon som drikkevasskjelde gjer at vatnet ikkje kan nyttast til andre føremål. Som opne landskapsrom har den likevel stor visuell verdi.

Hesttjørna er ein del av eit større urørt utmarksområde. Området vil kunne få ein viktig funksjon som buffer mellom framtidig vegsystem og tettstad. Området bør ikkje byggast ut så lenge det finst fortettingspotensiale i allereie bygde område.

I kulturlandskapa vert det viktig å avgrense fortettinga og finne ein fortettingsstruktur som tek vare på den opne karakteren i landskapet, for eksempel gjennom tun eller fortetting langs veg som let kulturmarkene ligge opne att. Vegen gjennom Skoge kan vere ein naturleg austre trasé av "Skogsløypa".



Figur 6 Skogsvatnet er sentralt i den "blågrøne aksen". Småbåthamn ved Barholmen.



Figur 7 Det er ei utfordring at store og sentrale grøntområde i Skogsskiftet er privatiserte.

5 BYGDE STRUKTURAR

5.1 Skogsskiftet i dag


Kommunesenteret Skogsskiftet er prega av næringsbygg, kommunehuset med butikksenter, og institusjonsbygg. Senteret orienterer seg mot hovudtilkomsten frå Rv555 med to bensinstasjonar og ein Rema1000 (på Fjell-sida av kommunegrensa), med mykje vegareal og store, opne parkeringsflater. Mot Skogsvatnet ligg offentlege institusjonsbygg og barnehage. Dei einaste bustadene i sjølv senteret ligg i eit lite regulert bustadfelt rett nord for kommunehuset. Mangelen på sentrumsnære bustader bidreg til eit bilbasert, sterkt funksjonsdelt og oppstykkka kommunesenter. I stadanalysen frå 1997 vart det påpeika at senteret er utan naturleg samlingspunkt, og med altfor lange avstandar mellom bustader og andre funksjonar. Nyetableringane på Sauafjellet og skulesenteret sør for Skogsskiftet har forsterka dette.

Nord for senteret er store areal beslaglagt av støysona kring motorcrossanlegget på Trengereidskjenet. Sjølv banearealet er regulert i plan frå 1984. Anlegget ligg lågt i terrenget utanfor landskapsrommet "sentrum" og er ikkje synleg frå Skogsskiftet. Støyen ber likevel langt også utover støysona. Dei sentrumsnære areala nord for Skogsvatnet er elles beslaglagt av private idrettsbaner og næringsareala i Midstegen næringspark (regulert til industri i plan frå 1986). Alle desse områda er lågt utnytta, og har store, unytta areal. Områda ligg innanfor landskapsrommet "sentrum" og høyrer visuelt til landskapsrommet som har Skogsvatnet som midtpunkt.

Skulane er lokalisert utanfor Skogsskiftet. Dagens ungdomsskule ligg på Eide utanfor planområdet, medan barneskule og ny vidaregåande skule ligg søraust i planområdet, mot Skogsvågen og Sangolt i sør. Dei to skulane er orientert mot aust, med utsikt mot fjorden. Bygg og anlegg er lagt omsorgsfullt i terrenget, utan å bryte horisontar eller kanten mellom det som er definert som fjordrommet og det som er definert som indre øylandskap. Avstanden til senteret er ca. 1,5 km, og det er i liten grad visuell kontakt mellom desse to områda.

Dei etablerte bustadfelt i planområdet vart i hovudsak regulert og bygt på 80-talet. Bustadfeltet nord for senteret er regulert i plan for Skogsskiftet frå 1982. Ved Skogsvågen i aust ligg bustadfeltet Skogestranda (1983-84). Feltet er det einaste bustadfeltet som ligg vendt mot sjøen, i naturleg forlenging nordover frå Skoge. Området har flott utsikt mot fjorden, utan å bryte overordna horisontar eller grensa mellom fjordrommet og indre øylandskap. Avstanden til senteret er 1 – 1,5 km, og ein ser ikkje senteret frå bustadfeltet.

Den eldste delen av bustadfelt på Hammersland er frå 70- og 80-talet. Denne delen ligg i forlenginga av eksisterande grend, og underordnar seg i hovudsak terrenget. Med Hammerslandhøgden (plan frå 1999) ser vi at bustadhusa er i ferd med å strekke seg opp i dei eksponerte høgdedraga og over grensene for uheldig eksponering og fjernverknad. Det er sett av areal til vidare utbygging langs dagens riksveg i kommuneplanen. Området toler vidare utbygging i lågareliggende delar mot vegen. I høgda er området svært sårbar for meir utbygging, då tolegrensa allereie er nådd.



Temakart 7 Eksisterande bygningsmiljø.

Også nye hus på Sauafjellet (reguleringsplan frå 2002) er eit døme på at tolegrensa for utbygging i sårbare og eksponerte høgdedrag er nådd. Det mest eksponert bygget her er synleg frå knausar og toppar også utanfor planområdet. Bygningane som bryt horisontane i dei eksponerte områda på Hammersland og Sauafjellet er retningsgivande for tilrådinga om byggjegrænse ved ca 70 moh.

Hammersland og Skoge er eldre jordbruksgrønder der hovudstrukturen er at husa er samla i tun. Kommuneplanen tillet fortetting i desse områda. Allereie i dag ser ein at tunstrukturen og det opne kulturlandskapet står i fare for å gå i oppløysing grunna spreidd utbygging utanfor tuna. Tolegrensa for fortetting er i ferd med å bli nådd, og kulturlandskapa er svært sårbare for meir utbygging. Det er viktig å gå nærare inn på desse områda for å avgrense fortettinga og finne rett byggestruktur, dersom ein ønskjer å ta vare på landskaps- og grøntstrukturkvalitetane i kulturlandskapet.

5.2 Ny senterlokalisering?

I samband med oppstart av arbeidet med kommunedelplanen vart det 17.10.06 halde ein idedugnad på Marsteinen Fjordhotell. I dette møtet var det stort fokus på mogleg ny lokalisering av senterfunksjonane nærare skulesenteret og nytt hovudvegkryss, det vil seie sør for dagens senter. Området ved Hesttjørna vart peika ut på grunn av dei fine landskapskvalitetane kring vatnet.

Analysen av landskapsrom og synlegheit viser at landskapsrommet er skjerma og avgrensa, utan visuell kontakt med eksisterande bygningsmiljø omkring. Kantar og knausar som avgrensar landskapsrommet er eksponerte og bør ikkje brytast av nye inngrep. Området er derfor lite eigna til å knyte dei ulike delane av dagens busetnad saman til ein visuell heilskap. Grøntstrukturanalysen viser at området er ein del av eit heilskapleg og relativt uforstyrta utmarksområde mellom eksisterande busetnad, og har verdi og potensiale som felles "markaområde".

Biletet av arealbruk og struktur i dag viser at den spreidde karakteren som tettstadsanalysen frå 1997 påpeika som ei utfordring for tettstadsutvikling, er forsterka i tida etter. Det er ikkje sannsynleg at alle funksjonane i dagens senter kjem til å flytte på kort sikt. Uansett vil enkelte bygningar og institusjonar verte ståande, og kanskje gje to "senter". Hesttjørn ligg om lag 1 km frå dagens kommunehus. I staden for å samle funksjonane i Skogsskiftet, kan ny senterlokalisering gje ei endå større spreining av ulike funksjonar og aktivitetar.

Alternativa for ny riksveg viser at uansett val av traséalternativ, kjem nytt hovudvegkryss til å ligge i området vest for Hesttjørn. Det utmarksdominerte heilandskapet vil då ha stor verdi som buffersone som gir avstand mellom nytt og trafikkert toplanskryss og tettstad, samstundes som krysset ligg i eit naturleg trafikkknutepunkt for heile planområdet.

Dersom landskapskvalitetar skal leggest til grunn i vidareutviklinga av Skogsskiftet, bør ein satse på å samle og utvikle kvalitetane i eksisterande sentrum. Med store arealreservar i eksisterande senter har området kring Hesttjørn større verdi som grøntareal kring framtidig trafikkknutepunkt, og som arealreserve i eit lengre perspektiv.



Figur 8 Skogsskiftet i dag. Frå venstre industriområde i Midstegen, Hald stadion og kommunesenteret. Dei øvste husa på Hammerslandhøgdena oppe til høgde.



Figur 9 Nye byggeområde regulert etter 2000 er lagt utanfor dagens sentrum. Medan den nye vidaregåande skulen er lagt omsorgsfullt i terrenget, "ropar" nybygget på Sauafjellet frå toppane.




Figur 10 Området kring Hesttjørn er vurdert som alternativ lokalisering av senter i Skogsskiftet.

5.3 Ny Rv555

Temakart 8 viser Statens vegvesen sine aktuelle traséar for ny Rv555 gjennom planområdet for Skogsskiftet. Alle alternativa inneber nytt toplanskryss like sør for Klokkarvikskiftet, i området inn mot Hesttjørna. I retning nord er det planlagt kryss ved Tellnesskiftet i Fjell kommune. I retning sør er det planlagt kryss ved Eidesund sør for Tveitafjellet.

Alternativ 29 langs Skogsskiftet er svært uheldig for vidare utvikling av dagens senter, og vil øydelegge høvet til å utvikle Skogsvatnet til ein del av grøntstrukturen i tettstaden. Veglinja ligg som barriere mellom institusjonsbygga og vatnet. Alternativ 1 følgjer dagens riksvegtrasé. Også denne er svært uheldig for dagens senter og institusjonsbygg. Ny tofelts veg vert liggande parallelt med lokalvegnettet, noko som medfører store vegareal og inngrep i fjellskrenten mot Hammersland. Begge desse alternativa vil medføre nærføringsulempar med trafikkstøy og skjemmaende inngrep. I alternativ 13 vert ny Rv555 lagt i tunnel forbi Skogsskiftet.

I landskapsanalysen for vegprosjektet er det tilrådd ein kombinasjon av alternativ 29 over Dalevågen, alternativ 13 forbi Skogsskiftet, og alternativ 1 forbi Tveit i sør. Alternativet vil avlaste Skogsskiftet, og gje ei rolegare veglinje på heile strekninga.



Temakart 8 Aktuelle traséar for ny Rv555 forbi Skogsskiftet. Kjelde: Statens vegvesen.

5.4 Tiltalningar sentrumsutvikling og fortetting

Skogsskiftet har eit stort fortettingspotensiale for bustader i areala som i dag er beslaglagt av støysone og Midstegen næringspark. Næringsparken er i dag langt frå utbygt og har låg utnyttingsgrad. Samstundes ligg den uheldig til midt mellom sentrum og bustadområde, slik at transport og trafikk til området må gå gjennom lokalvegnettet. Dersom ein kan tenke nytt om lokalisering av motorcross-bane og næringspark i samband med utbygging av ny Rv555, ligg det til rette for store bustadområde i attraktive og sentrumsnære område mellom bustadfelta i sentrum og på Skogestranda.


Det er viktig å ta vare på grøntdraget gjennom området nordover til Ådnavika. Utbygging bør følgje terrengdraga i nord – sør retning. Kantar og silhuettar i områda bør takast vare på og ikkje brytast gjennom. Terrengformer som følgjer det karakteristiske sagtannrelieffet kan for eksempel vere med på å danne naturlege dele mellom ulike utbyggingsfelt.

Eksponeerte høgdedrag bør ikkje byggast att slik at byggverk dominerer synsranda i landskapet. Unntaket kan vere viktige identitets- eller signalbygg med høg kvalitet som for eksempel eit kulturhus. Grense for bygging som gir fjernverknad går om lag ved kote 70 (Hammerslandhøgden, Sauafjellet, høgdebassenget på Storhaugen). Dersom bygging på eller over kote 70 vert tillate, bør det stillast særskilte krav til landskapstilpassing, arkitektur og visualisering av fjernverknad i planfasen. Kva bygg er viktige nok til å få ei slik eksponering?

Nordre del av Hammerslanddalen toler fortetting i områda under kote 70, men bør ikkje få nye byggefelt over dette. Kulturlandskapa på Hammersland og Tveit er i ferd med å nå tolegrensa for fortetting. Det er viktig å gå nærare inn på desse områda for å avgrense fortettinga og finne rett byggestruktur, dersom ein ønskjer å ta vare på kulturlandskapet. Det same er tilfelle for Skoge.

Heile planområdet er sårbar for store flateinngrep. Midstegen er i ferd med å nå tolegrensa for inngrep, i det massetaket lengst nord sprenger seg gjennom ein av dei karakteristiske sagtannformasjonane. Det er ingen område som naturleg peikar seg ut til å kunne nyttast som større industriområde. Dersom omsynet til karaktertrekka i det småkuperte landskapet skal leggest til grunn, burde industriområda heller vere mindre og fleire, enn samla og store. Det er mogleg å tenke seg at ei eventuell omlokalisering av motorcrossbane og industriareal bør skje i nær tilknytning til nytt hovudvegnett. Ved neste rullering av kommuneplanens arealdel bør ein søke alternative og lite eksponerte industriareal med god tilknytning til det nye hovudvegnettet.

Området frå Hestatjørn og dalføret sørover har i dag stor verdi som utmark og korridor for framtidig Rv555 i ein kombinasjon av alternativ 13 og alternativ 1. Det markerte daldraget i nord – sør retning vil tole eit linjeinngrep som er forankra i dalen si hovudform. Linja bør lokaliserast i god avstand frå vassdraget i dalbotnen, utan å komme så høgt i terrenget at den vert for eksponert. Det må sikrast gode samband på tvers av veglinja, slik at den ikkje hindrar bruk av marka.



Temakart 9 Potensialet for utvikling i Skogsskiftet med utgangspunkt i landskapsanalysen.

VEDLEGG

